

# Du må ingenting

Tekst: Øyvind Rongevær Kvarme

Kjennes det som om demokrati er eit prosjekt beståande av ei lang rekke med seminar? Er du lei av å følge enda eit onlineseminar om mangfald og inkludering? Seminar der alle eigentleg er ganske einige om at mangfald er viktig – gjerne så viktig at tre av fire i panelet ikkje er etnisk norske – men lite av det som blir sagt faktisk fører til noko konkret resultat. Samstundes blir debatten meir og meir polarisert. I kommentarfeltet er det skyttargravskrig kor ein for lengst bør ha valt side. Spesielt etter Black Lives Matter har krav om avkolonialisering i kunst -og kulturfeltet for alvor gjort seg gjeldande. Med litt sveitt hårfeste tel no institusjonar kor mange svarte, kor mange kvinner, personar med urfolksbakgrunn, eller utanlandsk opphav dei har i utstillingsprogrammet og i samlingane sine.

For den institusjonen som ønske å krysse av nokre boksar på mangfaldsskjemaet er **Kiyoshi Yamamoto** den rette mannen: Brasiliansk med japanske foreldre, men utdanna i Noreg – i tillegg er han skeiv. Vunne pris har han òg. Akkurat passe eksotisk. Her får ein full uttelling med andre ord. Yamamoto er kjent for å skamlaust kombinere ulike material, sjangrar, kunsthåndverk, design og biletkunst, til eit leikent og fargerikt utrykk. Ofte er arbeida hans vakre og forførande, men med punchline.

I utstillinga «My Hair Loves BAD Weather» er Kiyoshi like mykje kurator som kunstnar. Det kuratoriske grepene er enkelt, men likevel radikalt. Han har invitert inn tre brasilianske kunstnarar til å stille ut. Alle har like mykje, eller meir akademisk utdanning enn han, og sjølv om alle de tre inviterte kunstnerne har virke i Noreg, har ingen av dei hatt utstilling her – fram til no.

## Not Your Exotic

Det første du kjem til er eit tomt rom. Her er det berre du, som står føre eit gigantisk tekstilarbeid som delar rommet i to. I dette rommet må du ingenting, men du kan velje å sjå på dette som eit sceneteppe. Bak dette sceneteppe finn du eit bord der det ser ut som nokon har prøvd å invitere til fest med Hawaii-tema; her finn du ananas, monsteraplanter og fargerike glasvasar. Men punchlinja er klar: På veggen heng det eit stort tekstil med teksten «NOT YOUR EXOTIC».

I videoverket «Tell them I tried» ønsker **Deise Nunes** å gå i dialog med verket «I had too much coffee» av Ralf Schmerberg og den brasilianske danseren Ismael Ivo. Ivo døde i april 2021 i São Paulo og mines her gjennom flere rituelle handlinger utøvd ved en urban strand, som slår inn på dagliglivet til en Nordisk småby.

Ferske ananas i installasjonen «Tropical Gold and Hard Sand» av Kiyoshi Yamamoto og Deise Nunes, tar opp blant annet Kolonialforretninga, det som i dag blir kalla daglegvarebutikk, var vanleg på 1800-talet. Der ein fekk kjøpe importvarer – slik som ananas – frå koloniar i typisk Amerika og Karibia. Det visuelle språket i filmen etterliknar filmar ein finn på nett som er laga for vere tilfredsstillande å sjå på og tar utgangspunkt i den visuelle profilen til nettbutikken kolonial.no. Her handlar det om å avlære – å legge frå seg vante måtar å sjå og tenke på.

Ananas var ei av dei fyrste eksotiske fruktene som kom til Trondheim på 1700-talet. Den gong var byen allereie ein smelteidig, med innvandrande kjøpmenn frå mellom anna Tyskland, Nederland og England. Som på grunn av loven om at berre borgarar av kjøpstaden kunne drive med handel, måtte mange av desse fornorska seg ved å gifte seg inn i norske familiar.

Me ser ikkje på kjøpmennene som eksotiske lenger, dei har for lengst blitt ein viktig del av Trondheims historie, bidragsytarar til byens utvikling og mykje av det me i dag smykkar oss med som typisk Trøndersk.

Hos **Luanda Carneiro Jacoel** handlar det om det om å tilegne seg meir kunnskap. Kunstnaren kjem frå ein familie med ei av dei viktigste refreansene til feminismen i Brasil, og i «*Kalunga Extended*» går ho baklengs gjennom historia for å spore opp tydingar knyta til ordet Kalunga. Performance-triologien «*Kalunga*» er inspirert av symbolikken til ordet Kalunga, som er til stede i Bakongo Cosmogram – et kjernesymbol for Kongo-kulturen. Kalunga er et ord som kommer fra Bantu-språkene (en ethno-lingvistisk gruppe lokalisert hovedsakelig i Afrika sør for Sahara), og betyr hav og samtidig kirkegård.

**Fernanda Branco** tar utgangspunkt i kleda ho går i, og lærar seg den tradisjonelle manuelle prosessen det er å så linfrø, dyrke planten og spinning av lintråd. Her handlar det om å gjere kunnskapen til sin eigen. Dette er ein lærdom som kunsthandverket har visst om lenge, at tinget omgir oss med er meir enn teknikk og material, og ber med seg fortellingar, kunnskap og historie. At ein blir medium for ein kulturell tradisjon, og slik kan sjåast på som ei forlenging av denne tradisjonens verdiar og verdsyn.

### Å løyse flokar

Ved å invitere inn desse kunstnarane gjer Kiyoshi jobben som institusjonane slit med. Grepet er såpass enkelt at kan vel kategoriserast som minste felles multiplum; at det skal vere større representasjon i kven som får stille ut og kva som blir stilt ut. Slik kan denne utstillinga sjåast på som ein kritikk. Ikkje kritikk i form av å stå på utsida å peike på alt som bør bli gjort annleis, men med å agere i saman med institusjonen, bli ein del av den og slik endre den.

For det er vel der skoen trykk: Kva skal ein eigentleg med mangfaldet? Er det eit arbeid ein gjer berre for å unngå å virke gammaldags og rasistisk, og heller framstå reflektert og inkluderande?

Ofte blir mangfold brukt som argument for kvalitet. At fleire idear, fleire perspektiv og større bredde i det som blir vist og kven som får vise, vil gagne kunsten, kunstnarane og institusjonane, og generelt sett heve kvaliteten over heile linja. Det er så sjølvsagt at det nesten blir rart å bruke det som argument. I mange samanhengar viser det seg at ideen mangfold kjem frå det som allereie er verdsett og blir brukt til å oppretthalde, snarare enn å endre. Det er her den dekoloniale institusjonskritikken byrar å floke seg til; for samstundes som den ynskje å bevare desse andre kulturane, uttrykka eller perspektiva – som noko unikt som ikkje kan reduserast – ynskje den å løfte den inn i institusjonens format. Det blir litt som å forsøke å presse ein sirkel inn gjennom ein trekant.

For ein ting er at desse tre dyktige kunstnarane har fått utstillingsplass. Dei får rom i offentlegheita, blir sett og me kan krysse av mangfoldsskjemaet. Når det er gjort blir neste oppgåve å ta på alvor kva kunstverka deira handle om. Kvar òg ein av dei viser oss metodar for å løyse flokane: Avlær deg tillærte tankesett, tileign deg ny kunnskap og gjer kunnskapen til din eigen. Den siste biten er nok den mest utfordrande, fordi det betyr at du – eller institusjonen – blir endra. Det betyr at rammene me bruker må ver litt meir

elastiske, og at du må å anerkjenne at du er ein del av det heile. Sjølv om historia ikkje har skjedd med deg, angår den deg. Det er ikkje noko oss og dei.

I tillegg til å invitere inn kunstnerne Nunes, Branco og Jacoel, samarbeide Kiyoshi med **Karmaklubb\*** – eit nomadisk queer-club prosjekt og ein samtaleplattform. Karmaklubb\* utfordrar det tradisjonelle utstillingsformatet og vil i slutten av utstillingsperioden aktivisera visningsrommet med ulike arrangement.

Og då er me tilbake til i det første rommet. Her må du ingenting. Men du kan velje å sjå på det store tekstilverket som eit sceneteppe. Det betyr at du er òg invitert opp på scena. Det er denne aktiviseringa som er aktivismen. Ikkje ein opp-med-knyttneven-aktivisme, men ein open invitasjon. Ein invitasjon til å møtast ein anna plass enn i eit endelaust seminar, eller i eit kommentarfelt. Ei påminning om at ting tar tid, at me alle har med seg vår eigen bagasje, og at – heldigvis – kan me vere fleire ting på ein gong.

# You Don't Have to Do Anything

Text: Øyvind Rognvær Kvarme

Does democracy feel like a project consisting of a long series of seminars? Are you tired of following yet another seminar about diversity and inclusion? Debates where everyone agrees that diversity is important, so important that three out of four panelists come from a non-Norwegian background. Still, few discussions lead to actual change. The discourse is more polarized now than ever. Online comments sections are like trench warfare where you should have chosen sides. Especially after Black Lives Matter's demand for the culture field's decolonization. Institutions count somewhat uncomfortably how many blacks, women, and peoples of native or foreign descent are represented in their programs and collections.

For the institutions that want to tick a few boxes on the diversity form, Kiyoshi Yamamoto is their guy; an award-winning queer Brazilian artist born to Japanese parents, with a Degree in Arts from Norway. Just the right amount of exotic. The complete experience.

Yamamoto is known for combining different materials, genres, crafts, design, and fine art with a fun and colorful expression. His art is beautiful and seductive, but always with a punchline. In his exhibition, «My Hair Loves BAD Weather», Yamamoto is both a curator and an artist. He has invited three Brazilian artists to participate in his exhibition. They all have the same amount of education or even a higher degree than him. They live and work in Norway, but have never been exhibited here, until now.

## Not Your Exotic

Upon entering the exhibition, you walk into a nearly empty gallery space. It is only yourself taking up space in front of a monumental textile, dividing the gallery into two sections. Here you don't have to do anything, but you can choose to regard this as a stage curtain. Behind the curtain, there is a table with pineapples, leafy plants, and colorful vases, and it seems like someone has invited you to a Hawaiian-themed party. But the punchline is stated: from the ceiling a large textile is carrying the words «NOT YOUR EXOTIC».

In the video work titled *Tell them I tried* Deise Nunes wishes to enter a dialogue with the piece *I had too much coffee*, by Ralf Schmerberg, with the Brazilian performer Ismael Ivo. Ivo died in April 2021 in São Paulo and is here remembered in a set of ritual actions performed on an urban beach, breaking into the daily life of a Nordic township. Videography and performance is by Deise Nunes.

In the exhibition we find a table with this exotic fruit as a collaboration between Yamamoto and Nunes, also containing a new series of glass work by Yamamoto. The installation is based on the concept of the colonial store. The colonial store (in Norwegian: kolonialen), or what we today call the grocery store, was common in the 19th century. Here you could buy imported goods - such as pineapple from colonies in America and the Caribbean. The visual language in the video mimics online videos made to be pleasing to watch and it mimics the visual profile of the online store kolonial.no. Nunes's video is about unlearning - to abandon habitational ways to look and think.

In the 18th century, the pineapple was one of the first exotic fruits to arrive in Trondheim. The city was already then a melting pot with immigrant merchants from Germany, The

Netherlands, and England. Only Norwegian citizens were allowed to trade in Trondheim and therefore many of the merchants had to become Norwegian citizens by marrying into Norwegian families. We do not regard the foreign merchants as exotic anymore, they have already become an important part of the history of Trondheim, contributing to the development of the city and much of what we today are proud to call typically Trøndersk.

For Luanda Carneiro Jacoel it is about acquiring knowledge. The artist is related to one of the first philosophers in Brazil, and in *Kalunga Extended* she walks backwards through history to find meanings related to the word Kalunga. The performances "Kalunga" are inspired by the symbology of the word Kalunga, present in the Bakongo Cosmogram (dikenga dia Kôngo). Kalunga is a word from the Bantu languages (an ethno-linguistic group located mainly in sub-Saharan Africa) which means the sea, as well as the burial grounds.

Fernanda Branco starts with the clothes she wears and teaches herself the traditionally manual process of sowing flaxseed, cultivating the plant, and spinning linen threads, making the knowledge her own. The crafts field has known this wisdom for a long time; the things we surround ourselves with are more than just techniques and materials, they carry stories, knowledge, and histories. One becomes a medium for a cultural tradition and this can be seen as an extension of traditions, values, and worldviews.

### Untangling the mess

By inviting these artists into his exhibition Yamamoto carries out the work institutions are struggling to do. The act is simple, and it should be regarded as something all institutions should do; there should be a better diversity of who gets to exhibit and what gets to be exhibited. Thus, this exhibition can be regarded as a criticism. Not criticizing from the outside, pointing to everything that is wrong, but by acting with the institution, becoming a part of it, and thus changing it. This is the critical issue; what is the point of diversity? Is it something you have to work with to avoid looking old-fashioned and racist, so to appear rather reflected and inclusive?

Diversity is often used as an argument for quality. More ideas, perspectives, and variation in what is presented and who gets to present is an advantage for art, artists, and institutions, which generally heightens the quality everywhere. This is so obvious that it is strange to use diversity as an argument. The idea of diversity often comes from what is already acknowledged and is used to maintain, rather than change. This is where the decolonial critique starts to tangle up; while it wants to preserve these other cultures, expressions, or perspectives as something unique and non-reductive, it also wants to lift it into the format of the institution. Like pressing a circle through a triangle.

These skilled artists are now a part of Yamamoto's exhibition and given access to the public sphere and we can tick off the boxes in the diversity-form. When this is done the next task is to take their artwork seriously. Each of them presents methods to untangle the mess; unlearn the learned way of thinking, appropriate new knowledge, and make that knowledge your own. The last part is the most challenging because it means that you - or the institution - will change. It means that the framework we use needs to become more elastic and you need to recognize that you are a part of it all. Even if history has not happened to you, it concerns you. There is no 'us' and 'them'.

In addition to inviting Nunes, Branco, and Jacoel, Yamamoto collaborates with Karmaklubb\* - a nomadic queer club concept and conversational platform. Karmaklubb\* challenges the traditional exhibiting format and in June will use the gallery space for different events.

And then we are back in the first room in the gallery. Here you don't have to do anything. But you can choose to regard the large textile as a stage curtain. It means that you are also invited up on stage. It is this call for action that is activism. Not a raised fist activism, but an open invitation. An invitation to get together in a public space instead of a never-ending seminar or the comments sections. It is a reminder that things take time, as we all carry our baggage, and that, thankfully, we can present our self as more than one thing at a time.